■ STILLING LEDIG

## DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I HORDALAND (DOT)

*DOT har ca. 150 tannlegestillingar, over 400 tilsette på 80 tannklinikkar, fordelt på 9 distrikt. DOT gir tenester til alle grupper pasientar, inkl. betalande vaksne.*

*Vi kan tilby: Arbeid ved moderne utstyrte klinikkar. Ei moderne og framtidsretta IT-løysing med tilgang til internett og e-post. I løpet av 2003 vil alle våre klinikkar ha fått innført OPUS som journalsystem. Vi er også i ferd med å innføre digitalt røntgen på våre klinikkar. Konkurransedyktig løn. Bonus-/provisjonsavtale er f.t. under reforhandling. Omfattande tilbod om faglege kurs. I distrikta: hjelp til å skaffe bustad.*

## NORDHORDLAND TANNHELSEDISTRIKT

(Kommunane Lindås, Austrheim, Radøy, Meland, Fedje, Osterøy, Masfjorden, Modalen og Vaksdal)

Vikariat i 1/1 stilling som tannlege er ledig frå februar 2003. Tenestestad er tannklinikken Dalekvam, Vaksdal kommune. Vikariatet varer t.o.m. 30.11.2003, men kan bli forlenga.

Stillinga blir f.t. løna frå kr 321 900–370.700, avhengig av ansiennitet.

Opplysningar om stillinga får ein hos overtannlege Bjørn Tore Bildøe, tlf. 56 360217.

## BERGEN TANNHELSEDISTRIKTER

1/1 fast stilling som tannlege er ledig frå 13.01.2003. Stillinga kan bli omgjort til klinikksjefstilling dersom bemanninga ved klinikken tilseier dette.

Tenestestad vil bli på tannklinikken Fana, ein ny klinikk som er planlagt ferdig våren 2003. Fram til denne blir ferdig vil tannlegen få mellombels tenestestad på annan klinikk i Bergen tannhelse-distrikter.

Stillinga blir f.t. løna frå kr. 310.900-357.700, avhengig av ansiennitet. Ei eventuell klinikksjefstilling blir løna frå kr 321 900–370 700 avhengig av ansiennitet.

Opplysningar om stillinga får ein hos overtannlege Stein O. Moe, tlf. 55 118380.

1/2 fast stilling som tannlege er ledig frå 01.01.2003. Tenestestad er f.t. tannklinikken Marikollen.

Vikariat i 60 % stilling som tannlege er ledig frå 06.01.2003. Vikariatet varer t.o.m. 31.08.2003.
Tenestestad er tannklinikken Bergen landsfengsel.

Stillingane blir f.t. løna frå kr 310 900–357 700 avhengig av ansiennitet.

Stillinga i Bergen landsfengsel har i tillegg eit risikotillegg på f.t. 168 T-trinn pr. år.

Opplysningar om stillingane får ein hos overtannlege Kari Holthe Tornes, tlf. 55 254070.

**Meir om stillingane i DOT**

Ny klinikkplan for DOT-Hordaland er under utarbeiding. For nokre av stillingane kan det bli aktuelt å flytte arbeidsstad til tannklinikkar i nærleiken.

Deler av flytteutgiftene kan bli dekka etter dei reglar som gjeld i fylkeskommunen.

Dersom det blir aktuelt med kvelds-/laurdagsopne tannklinikkar, vil desse stillingane måtte ta del i ei slik arbeidsordning.

Det er ein føresetnad at dei som blir tilsette har norsk autorisasjon som tannlege og kan uttrykke seg lett forståeleg på norsk, svensk eller dansk.

Dei som blir tilsette må leggja fram tilfredsstillande attest frå skjembildeundersøking og tuberkulinkontroll før tiltreding.

Søknaden må innehalde opplysningar om telefon på dag- og kveldstid, tidlegare praksis, attestar, vitnemål og referansar med telefonnummer.

Ved søknad på fleire stillingar er det ønskjeleg at søkjar prioriterer.

Ev. søknadsskjema kan ein få frå overtannlegen.

*Søknadsfristen er 06.11.2002.*

Søknad skal sendast til Fylkestannlegen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5021 Bergen.

Sjå og våre internettsider: http://fyt.ivest.no